

Vedtekter for husflidslag

er vedtekne på årsmøtet / og godkjende av

..... fylkeshusflidslag /

..... husflidslag er skipa /

og er tilslutta fylkeshusflidslag og Norges Husflidslag.

§1 Føremål

..... husflidslag er eit lag som arbeider for å fremje god norsk husflid kulturelt, sosialt og økonomisk. Laget arbeider i samsvar med NH sitt føremål og vedtekter.

§2 Verksemd

Tiltak for å nå målet:

- 2.1 Opplæring i husflidsarbeid med krav om å vere grundig og søkje kvalitet.
- 2.2 Opplysningsarbeid gjennom tidsskrift, presse og andre massemedia.
- 2.3 Møteverksemd med foredrag, utstillingar, demonstrasjonar og andre liknande tiltak.
- 2.4 Bruk og tilpassing av stadbundne teknikkar, modellar og mønster.
- 2.5 Å fremje produksjon av gode husflidsvarer.
- 2.6 Å fremje husflid som aktivitet for alle alderstrinn.
- 2.7 Å samarbeide aktivt internt og eksternt.
- 2.8 Å arbeide aktivt med rekruttering.
- 2.9 Lag som er medeigar i eller eigarar av butikk, har eigne vedtekter/retningslinjer for denne delen av verksemda.

§3 Medlemmer

- 3.1 Alle interesserte kan bli medlemmer av laget mot å betale ein årleg kontingent.
- 3.2 I kontingenten ligg abonnement på tidsskriftet Norsk Husflid, kontingent til Norges Husflidslag, kontingent til fylkeslaget og kontingent til lokallaget.
- 3.3 Kvar medlem betalar kontingenten direkte til Norges Husflidslag, og lokallaga sin del vert refundert etter fristar vedtatt av landsmøtet i Norges Husflidslag.
- 3.4 Det skal vere mogleg for alle medlemmer i Norges Husflidslag å påverke arbeidet i organisasjonen. Eit medlem har fulle rettar i organisasjonen frå fylte 14 år. Det skal leggast til rette for at medlemmer utan stemmerett også har arenaer for påverknad

§4 Arbeidsår

- 4.1 Laget sitt arbeids- og rekneskapsår følgjer kalenderåret.

§5 Årsmøte

- 5.1 Årsmøtet er laget si øvste leiing og vert halde kvart år innan 15. februar.
- 5.2 Dato for årsmøtet skal gjerast kjent minst 8 veker før møtet.
- 5.3 Årsmøtet vert innkalla minst 14 dagar på førehand med skriftleg varsel til medlemmene.
- 5.4 Saker til årsmøtet må sendast til styret seinast 6 veker før årsmøtet.
- 5.5 Stemmerett på årsmøtet har dei som har betalt kontingenten for føregående år.

5.6 Styremedlemmene i husflidslaget har stemmerett unnateke ved handsaming av årsmelding og rekneskap. Husflidhandverkere og Husflidbutikkar som er medlemmer i Norges Husflidslag har møte- og talerett.

5.7 Ekstraordinært årsmøte vert innkalla med vanleg varsel når styret finn det nødvendig, eller når minst 1/3 av medlemmene krev det skriftleg.

5.8 Ekstraordinært årsmøte handsamar berre dei saker som er med i innkallinga. Stemmerett på ekstraordinært årsmøte har berre dei som hadde stemmerett ved siste ordinære årsmøte.

§6 Sakliste for årsmøtet

Styret fastset sakliste for årsmøtet, og som skal omfatte:

6.1 Konstituering:

6.1.1 Godkjenning av innkalling og dagsorden.

6.1.2 Val av møteleiar, referent, to til å signera protokollen.

6.1.3 Opprop og godkjenning av talet på medlemmer med stemmerett.

6.2 Godkjenning av årsmelding

6.3 Godkjenning av revidert rekneskap

6.4 Fastsetting av arbeidsplan og budsjett for inneværande år.

6.5 Andre saker som er med i innkallinga

6.6 Val av:

a) Styreleiar

b) Styremedlemmer

c) Varamedlemmer til styret

d) Utsendingar til årsmøtet i fylkeshusflidslaget

e) Revisor

f) Valkomit  for neste årsmøte.

§7 Val

7.1 Styreleiar bør ikkje veljast på nytt etter å ha fungert samanhengande i 6 år.

Styremedlemmer bør ikkje veljast på nytt etter å ha fungert samanhengande i 8 år.

7.2 Val av styreleiar, styremedlemmer og varamedlemmer skal skje skriftleg dersom minst ein person krev det. Dersom det berre er ein kandidat til dei ulike verva, kan valet skje ved akklamasjon.

7.3 For å vere vald må ein kandidat ha fått meir enn halvparten av stemmene. Blanke stemmer tel med. Oppnår ingen dette ved første val, skal det vere omval mellom dei to som har flest stemmer. Står stemmene likt, vert valet avgjort ved loddtrekning.

§8 Styret si samansetjing

8.1 Laget sitt styre er samansett av styreleiar og styremedlemmer (minst 4).

8.2 Ein av styremedlemmene bør spesielt ha ansvar for vaksenoppl ringa.

8.3 Styreleiaren vert vald kvart år. Andre styremedlemmer og varamedlemmer vert valde for to år om gongen. Kvart år er halvparten av styremedlemmene på val. (Første gong ved loddtrekning.)

8.4 Styret vel sj lv nestleiar, eventuelt kasserar og sekret r.

§9 Styret sitt arbeid

9.1 Styret skal leie arbeidet i samsvar med laget sine vedtekter og årsmøtet sine vedtak.

9.2 Styreleiaren kallar inn til møte når det er nødvendig, eller når 3 av dei andre styremedlemmene krev det.

9.2.1 Det skal først protokoll/referat frå styremøta som vert godkjent av dei møtande.

9.3 Styret har ansvaret for vaksenoppl ringa i laget og som skal gjennomførast i samsvar med gjeldande reglar. Om nødvendig kan styret utpeike/tilsetje studieleiar/sekret r.

9.4 Styreleiaren representerer laget.

9.5 Styret har ansvar for drift og økonomi.

9.6 Styret kan oppnemne utval til å ta seg av særskilde oppgåver.

9.7 Styret utarbeider nødvendige instruksar.

9.8 Styret legg fram årsmelding, rekneskap, budsjett og arbeidsplan for årsmøtet.

9.9 Styret er ansvarleg for laget sitt materiell, og kan oppnevne materialforvaltar.

- 9.10 Styret sender årsmelding til fylkeslaget i samsvar med fastsette fristar.
- 9.11 Styret kan gjere gyldig vedtak når styreleiaren, eller nestleiareren i hans stad, og minst halvparten av dei andre medlemmene i styret møter og desse er einige.
- 9.12 Er eit vedtak ikkje einstemmig, kan kvar av styremedlemmene krevje at stemmegjevinga vert protokollert.
- 9.13 Det er styret sitt ansvar at varamedlemmene vert orienterte om styrevedtaka.

§10 Arbeidsutval

- 10.1 Styret kan ha eit arbeidsutval sett saman av styreleiar og to av styremedlemmene.
- 10.2 Arbeidsutvalet førebur saker som skal behandlast av det samla styret.
- 10.3 Arbeidsutvalet kan gjere vedtak i saker før det kan haldast styremøte.
- 10.4 Arbeidsutvalet kan gjere vedtak når alle er einige.
- 10.5 Melding om vedtak i arbeidsutvalet skal straks sendast dei andre styremedlemmene.

§11 Vaksenopplæring

- 11.1 Norges Husflidslag er medlem av Studieforbundet kultur og tradisjon.
- 11.2 Studiearbeid kan haldast i regi av lokallaget.
- 11.3 Husflidslaget må følgje gjeldande reglar om vaksenopplæring frå ansvarleg departement.
- 11.4 Husflidslaget sitt styre har ansvaret for
- at studieleiaren og kursleiarar snarast mogleg får informasjon om endringar i reglar og lover
 - å arrangere studietiltak i høve til gjeldande reglar og instruksar
 - å sende inn rapportar og rekneskap etter fastsette fristar.

§12 Valdgift

- 12.1 Tvilstilfelle som gjeld medlemskap eller tolking av vedtekter, skal leggjast fram for styret i fylkeshusflidslaget til avgjerd.

§13 Vedtektsendringar

- 13.1 Forslag til endring av vedtektene kan berre handsamast på ordinært årsmøte. Det skal stå i innkallinga kva endringa går ut på.
- 13.2 Til gyldig vedtak er det krav om 2/3 fleirtal av stemmene.
- 13.3 Forslag til vedtektsendringar må sendast skriftleg seinast 6 veker før årsmøtet.
- 13.4 Vedtektsendringar utover normalvedtektene skal godkjennast av styret i fylkeshusflidslaget.

§14 Oppløysing

- 14.1 Vedtak om oppløysing av laget kan berre gjerast på ordinært årsmøte og med 3/4 fleirtal av stemmene.
- 14.2 Dersom laget vert oppløyst, skal egedelane laget måtte ha gå til å fremje husflid i kommunen.
- 14.3 Egedelane vert forvalta av fylkeshusflidslaget, dersom ikkje anna er bestemt.

§15 Utmelding av Norges Husflidslag

- 15.1 Vedtak om utmelding kan berre gjerast med 3/4 fleirtal på to etterfølgjande ordinære årsmøte.
- 15.2 Laget har plikt til å melda frå skriftleg til fylkeslaget og NH sentralt, om forslag vedrørande vedtaket om utmeldinga 1. gong, seinast 14. dagar før årsmøtet der saka skal bli behandla.
- 15.3 Ved fremjing av sak vedr. utmelding, lagar styret ein oversikt over alle egedelane til laget, bankinnskott og kontantbeholdning. Denne skal sendast til fylkeslaget og Norges Husflidslag til orientering, saman med varsel jf. § 15.2.
- 15.4 Dersom laget forvaltar betydelege verdiar, som for eksempel eigarandelar i fast eigedom og/eller butikkar, skal ein komité nedsett av årsmøtet i lokallaget føreslå forvaltning av verdiane. Komiteen skal vera samansett av to medlemmer i det aktuelle lokallaget, valt på årsmøtet der utmeldinga er behandla første gong, eit medlem av

fylkesstyret og eit medlem av sentralstyret. Ei utsegn frå NH sitt styre skal leggjast fram på det siste årsmøtet i lokallaget der utmeldinga skal behandlast.

15.5 Lag som er utmelde av Norges Husflidslag kan ikkje bruka logoen til NH.